



Marie Nicolaisen  
Kulturhistorikar

## Hulda Garborg og det store "Teaterslaget"

6. oktober 2013 var det på dagen 100 år sidan Det Norske Teatret, hadde si fyrste framsyning i hovudstaden, i Teatersalen til Bondeungdomslaget i Oslo i Rosenkrantzgate 8. I vekene som fylgde utspela - det som kom til å bli kjent som teaterslaget - som blir sett på som den største teaterpolitiske hendinga i norsk historie då fleire tusen tok til gatene. Sentral i opprettinga av Det norske teatret sto Hulda Garborg og i det fylgjande vil eg sjå på hennar rolle i denne viktige kulturelle hendinga.

Hulda Garborg var gift med den for mange kanskje meir kjente forfattaren Arne Garborg. Hulda var samtidig aktiv med sitt eige arbeid og er i til dømes den frilynte ungdomsrørsla meir kjent for sitt eige arbeid enn mannen sin. Hulda hadde mange jern i elden. Frå slutten av 1800-talet samla ho inn folkedrakter, viser, folkedansar og matoppskrifter og lagde utifrå dette egne bunader og folkeviseleikar. Dette arbeidet formidla ho blant anna gjennom bøker, artiklar, studiereiser, føredrags-, instruksjons- og inspirasjonsturnear. Forfattarskapet hennar er omstendelig og involverar både sak- og skjønnlitteratur, blant desse bøkene hennes om kosthald (som Heimstell, Matstell paa landsbygdi

og National kost) folkedans og folkedrakt (Norske dansevisur og Norsk klæsbunad), romanane Et frit forhold og Kvinden skapt av manden samt skodespela Rasjonelt fjøstell (innlemma i Morgenbladets Dramakanon i 2013), syngespelet Liti Kersti og Edderkoppen (utgjeve anonymt).



Hulda Garborg. Kilde: Wikipedia

Karen Hulda Bergersen vart fødd på Stange i 1862. Ho flytte i tenåra med den fråskilde mor si til Christiania og i ungdomstida vart ho aktivt medlem av det radikale miljøet knytt til Christiania Arbei-

dersamfunn. Viktige saker for Hulda var blant anna nasjonalsak, demokrati, målsak og kvinnesak. Det var i desse kretsane ho vart kjent med forfattaren Arne Garborg, og dei gifta seg i 1887.



*Hulda og Arne Garborg.  
Kilde: Wikipedia*

Både Arne og Hulda Garborg var også tilknytt norskdomsrørsla – samnamnet på målrørsla og den frilynte ungdomsrørsla som hadde grodd fram på slutten av 1800-tallet. Målsaka og det nasjonale, og særlig uttrykt i den norske kulturen som i dans, musikk og drakttradisjon var viktig i rørslas arbeid. Medan nasjonalromantikken på 1800-talet i stor grad var knytt til innsamling og bevaring av den norske kulturen. Ein av dei grunnleggande tankegangane i norskdomsrørsla si kulturelle og nasjonale forståing var at også folket skulle vidareføre tradisjonane sine igjennom bruk og utvikling. Målsaka var også viktig. ”Frå 1889 var landsmål og norskdom blitt eit større mål i seg sjølv, ein nasjonal kulturell fridomskamp”, som Arnhild Skre skildrar den i biografien sin om Hulda frå 2011. Arne og Hulda Garborg såg eit eige landsmålsteater i hovudstaden som eit viktig ledd i denne kampen. Arne Garborg argumentera for at eit målsteater ville vera viktig som ei støtte for vidareutvikling

av norsk kulturarv, viktig var også at ei teaterscene ville gjere landsmålet synlig – som eit aktivt språk og at det var i bruk og ikkje bare av bakstrebse bønder.

Det Norske Spellaget, som var foreløpar til Det Norske Teatret, vart stifta i Christiania 1899. Hulda Garborg var styremedlem og drog det meste av lasset. Spellaget hadde nokre framsyningar i 1900-1901 med aktiviteten døyde etterkvart og var sovande til 1910 då Hulda saman med tidligare stats- og utanriksministar Jørgen Løvland vekte det til igjen. I 1909 hadde Nationaltheatret sitt styre gjort eit vedtak som i praksis betydde at teatersjefen var detronisert i språkspørsmålet. Situasjonen gjorde at eit ynskje om eit ”norsk spellag” igjen kom på banen. Etter å ha samla inn pengar var Det norske spellaget igjen på føtene. Fram til 1913 var Det norske spellaget eit reint turnéteater som reiste rundt i landet. Det var ein brokete, men idealistisk skodespelargjeng Hulda tok med seg på den fyrste turnéen som starta 14. januar 1911. Blant skodespearane var symaskinseljer Edvard Drabløs, forfattaren Olav Nygård, Anders Underdal, konsertspelemannen Olav Moe, fleire av Hulda sine veninner (blant anna journalisten og forfattaren Kitty Wentzel), bror til tenestejenta til Garborgane og Aadne Olaus Fjærtøft Garborg, son av Arne og Hulda. Hulda sjølv var instruktør. Med seg hadde dei også det dei trong av kulisser og kostymer for ein tre månadar lang turné med tre innøvde teaterstykke.

Dei spela i ungdoms og forsamlingshus rundt om i landet, med ulike sceneforhold (ein stad så trongt at ein del av veggen måtte sagast ut for å få inn kulissene) og turnévær som Norskekysten kunne by på på vinterstid. På den fyrste turneen spela dei 30 framsyningar, til stort sett

gode mottakingar og gode inntekter. Dei idealistiske skodespelarane kunne til og med få lønn og bonus, noko dei ikkje lova når dei starta turnéen. I september same året drog Spellaget på nytt ut på turné som varte til desember same året, denne gongen med 57 framsyningar og med eit nytt overskot på 2000 kroner. Turnélivet sleit på den no snart 50 år gamle Hulda og etter den andre turnéen ynskte ho, med tungt hjarte å legge ned Spellaget. Skodespelarane nekta å legge seg sjølve ned, og det vart arbeidd fram eit kompromiss om at Hulda framleis skulle stå som fyrstedame og instruktør, men ikkje skulle vera med på turnélivet. Den 17. Januar 1912 la dei nok ei gong ut på turné, med ”Tuften” Garborg som fungerande turnéleiar. Hulda greidde ikkje å la vera, og fylgde med den fyrste biten. I mars måtte ho også haste til Haugesund å steppe inn på grunn av endring av repertoar og hol i ensemble, og vart med resten av Spellaget sin tredje og siste turné, som vart avslutta i starten av april.

I løpet av knapt 1½ år hadde Spellaget spela 220 framsyningar og hadde om lag 6000 kroner på konto. Sjølv om ein fastare struktur på Spellaget og eiga målteater framleis var ein stor draum for ho og mannen, let ikkje helsa hennar at ho fortsetje med turnélivet for å samle inn pengar – og ho meinte også at resten av målrørsla måtte hjelpe til for å få draumen på plass. Pengane på Spellaget sin konto ville ho i utgangspunktet ikkje nytte til dette. Ho greidde likevel ikkje å halde seg vekke då Edvard Drabløs, ein av skodespelarane som hadde vore med på Spellaget sine turnear og som ikkje ville gå attende til jobben som symaskinseljar igjen etter å ha fått smaken på skodespelarlivet, møtte Rasmus Rasmussen, skodespelar frå Den nasjonale Scene med fleire på Kaffistova

12.april 1912 for å diskutere saka. Klaus Sletten, skipar og leiar av Bondeungdomslaget i Oslo hadde året før skreve at eit målteater i hovudstaden kunne leige lokale i Bøndenes hus, som skulle få eigen teatersal i kjellaren når dette sto klart. Planen var å skipe eit aksjeselskap og vente på at Bøndenes hus sto ferdig og leige scenen der. Sommaren 1912 gjekk det ut brev med oppmoding til å skrive seg som luteigarar. Hulda hjalp til med dette arbeidet og på det offisielle skipingsmøte for Det Norske Teatret 22. november same år vart lutmiddelen på 25.000 sett full med støtte i pengar som enno stå på Spellaget sin konto, Rasmus Rasmussen vart tilsett som teatersjef, og på det fyrste styremøtet vart Hulda Garborg ganske sjølvsagt valt som styreforman. ”Herrene var så høflige at jeg meget mot min vilje blev ‘Formand’” skreiv Hulda i dagboka etter møtet.

Bøndenes hus skulle etter planen ikkje stå klart før hausten 1913, så opningsframsyninga til Det Norske Teatret vart i Kristiansand 2. desember 1913, på 100-årsdagen for Ivar Aasens fødsel, og det var også Aasens klassikar Ervingen som sto på programmet. Fleire av skodespelarane som hadde vore med i Spellaget var framleis med, blant anna Edvard Drabløs – som seinare også kom til å bli teatersjef på teatret. Truppen fortsette vidare på turne rundt i landet medan dei venta på at storstova i hovudstaden skulle stå klar.

Den 6. Oktober 1913 var det klart for opning i hovudstaden, med Ludvig Holbergs klassikar Jeppe på Berget omsett til landsmål av Arne Garborg, eller norsk, som det sto på plakaten. Hulda tog toget inn til Christiania tidlig på dagen for å pynte salen. Kong Haakon (han var sjølv nøgd og stolt etter framsyninga over å ha forstått kvart einaste ord) , som skulle

vera til stades under opninga, vart plassert på ein kinsarvikstol på galleriet i salen. Hulda var kledd for premierekvelden i si eigenkomponera "huldadrakt" og kvite skinnhanskar.

Både opningsframsyninga og teatrets andre framsyning, Stor Anders av Oscar Braaten, vart stort sett godt motteke av hovudstadsavisene. "Avisene utrolig rimelege. Selv Morgenbladet behandler os med Respekt" noterte Hulda i dagboka si.

Dei første vekene skulle bli dramatiske. Den 9. oktober vart Jeppe spela igjen. Det var denne kvelden ein høyrde dei fyrste spede protestane då 8-10 gymnasiastar byrja å pipe på galleriet etter siste akt. Same dag hadde eit hemmelig skriv sirkulera på gymnasa i hovudstaden for å mobilisere til pipekonsert komande måndag, 13. oktober. Denne mobiliseringa fokusera særlig på ordlyden om at klassikaren Jeppe på Berget vart omsett til norsk. Den påfølgande helga gjekk oppropet rundt i Christiana, men også ein motoffensiv var i kjømda. Ein målmann som arbeidde som lærar på Aars og Voss skulle hadde fått greie på skrivet og hadde varsla Studentmålaget på universitetet. Ein jærbu ved namn Aukeland hadde infiltrera gymnasiastane og vore på fleire av møta som spion og gjeve informasjon vidare til studentane, og Edvard Drabløs delte ut gratisbilettar til målfolket.

Måndag 13. oktober sto Jeppe på Berget igjen på plakaten. Det var godt med folk i salen og fullt på galleriet, mykje ungdom. Bråket byrja fyrst i andre akt. Når Jeppe vakna opp i baronens seng braut det ut ein massiv pipekonsert på galleriet. Pipekonsertar var ikkje uvanlig i teatret på denne tida og alle teater hadde ein gongong hengende som vart nytta til å roe ned publikum i dette høve. Når teaterleiinga hadde slege

tre slag på denne gongongen var vidare piping, og spontan applaus forbode.



*Teaterslaget. Kilde Aftenposten*

Den 13. oktober 1913 måtte teatersjefen Rasmus Rasmussen, som sjølv hadde hovudsrolla som Jeppe, reise seg opp av senga og gå over scenen for å slå gongongens fyrste slag. Gongongslaget hjalp lite, og målmennene gjekk til fysisk til åtak på gymnasiastane og starta eit regelrett slagsmål. Gymnasiastane vart drege ned trappene frå galleriet av målstudentane som var eldre og større, og stolar og benkar vart nytta som slagvåpen. Dei kvitkalka veggane i Teatersalen hadde spor av blod, og i ettertid gjekk det rykte om at målmennene hadde nytta kniv. Slagsmålet fortsette i gangen og ute på gata, men framsyninga kom likevel i gang att, og ved midnatt – omtrent to timar forseinka – var framsyninga over.

Tysdagsframsyninga var Bjørnefell av Olav Hoprekstad, og sjølv om det var mindre uro denne kvelden, måtte politiet likevel bryte av. Tilskodarane roa seg ned etter at det tredje gongongslaget var slått. Onsdag 15. oktober sto Jeppe på programmet på nytt, og også denne kvelden byrja pipinga når Jeppe vakna i baronen si seng. Ungdommen på galleriet avbraut framsy-

ninga, no ikkje bare med lyd, men også med peppar, nysepulver og liknande som vart strødd frå galleriet.

Etter framsyninga venta fleire tusen av

Hulda torde no ikkje bli i salen lengre, og bad Oscar Braaten å fylgje ho ut bakvegen i Arbeidergata. Her hørde dei bruseta frå folkemengda som sto utanfor Teatersalen.



En aften i maalteatret.

byens innbyggjarar i Rosenkrantz' gate – folkemengda vart anslått frå 6 – 12.000, og heile byens ridande politi var mobilisert. Torsdag 16. oktober sto Stor-Anders igjen på programmet, og også denne dagen hadde det sirkulert eit skriv blant gymnasiastane. Edvard Drabløs hadde igjen skaffa målfolket gratisbilettar, spreidd rundt i salen og på galleriet så representantane frå riksmålsungdommen ikkje vart sitjande saman. Mange tilskodarar hadde også skaffa seg bilettar av rein nyfikenskap og fleire aviser kommentera at benkane i Teatersalen var snudd feil veg med full utsikt til galleriet. Pipekonserten starta etter fyrste akt, og før andre akt var over var gongongslaga høyrd tre gonger. ”Straks blei det stille i salen. Det blei merkelig stille i salen,” skriv Alfred Fidjestøl i Trass alt. Det Norske Teatret 1913-2013.

Først ved Fredriks gate ved Slottsplassen kunne dei krysse gata for å kome ned til Vestbanehallen der Hulda Garborg vart sett trygt på toget til Asker.

Natta etter framsyninga den 16. oktober kom til å bli den verste opprørsnatta i det vekelange teaterslaget. Verdens Gang anslo folkemengda til å vera 20.000, Aftenposten var litt mindre sensasjonelle og meldte at det var 12-15.000 i gatene. Førti ekstra konstablar var kalla inn, og heile det ridande politiet var igjen ute. Til saman 46 demonstrantar vart arrestert. ”Sentrum så ut som natt til 1. mai tidlig på 1980-tallet.” skreiv Aftenposten om opprørsnatta for å setje det i perspektiv i ein artikkel om Det Norske Teatret i anledning 100 års jubileet hausten 2013. Omkring midnatt greidde politiet og få mobben under kontroll, og situasjonen roa seg. Fredagen var det tinga

framsyning, medan det på laurdagsframsyninga var noko piping, men inga folkemengd i gatene. Under sundagsframsyningane var det heilt stille.

Dei dramatiske hendingane i dei to vekene i oktober 1913 kan for oss i dag virke noko kuriøse. Den valdsamme mobiliseringa frå begge sider må sjåast i samanheng med den symbolske verdien landsmålet hadde for den norske nasjonalkjensla på byrjinga av 1900-talet. Noreg var i 1913 ein ung, sølvstendig nasjon og kva som var norsk tilknytt det – kva som var det norske målet – vekte mykje harme og diskusjon. I 1912 var sidemålstilen innført til eksamen artium, landsmålet som ein del av den sanne norske kulturen var i vekst og den riksmålsskrivande hovudstadseliten følte seg truga. Hendingane kan samtidig sjåast i samanheng med den stadig aktuelle by/land dikotomien, sjølv om den utspela seg i hovudstaden. Målet med eit målteater var å vise landsmålet og mangfaldet i den norske kulturen på scenen. Det faktiske arbeidet som Hulda Garborg la ned i skipinga av teatret – som i dag er eit av landets største teater både kunstnarlig og praktisk – er også imponerende, som eg har vist i denne teksten. Hulda stilte til opningskvelden den 6. oktober i eigenkomponert bunad og skinnhanskar – noko dagens bunadspoliti neppe hadde sett med blide auge på. Morgenbladet refererte symbolsk til dette som

”at nu møtes By og Land i Søskenfølelse.” Denne symbolske forståinga av klesdrakta hennar seier mykje om Hulda sin viktige posisjon i skapinga av Det Norske Teatret, og samtidig mykje av forståinga om kva som er norsk og den norske demokratiske tankegangen.

*I anledning 100 års jubileet til Det Norske Teatret sette **Den Mangfoldige Scenen**, barne og ungdomsteatergruppe eigd av Bondeungdomslaget i Oslo, Det Norske Teatret og Noregs Ungdomslag, opp ”100 år er ingenting”, blant anna med utgangspunkt i hendingane i oktober 1913.*

*Våren 2014 set Teaterlaget i Bondeungdomslaget i Oslo opp ”Jeppe på Berget” i den same teatersalen som i 1913.*

### **Kjelder:**

Alfred Fidjestøl: *Trass alt. Det Norske Teatret 1913-2013*. Det Norske Samlaget, Oslo 2013

Arnhild Skre: *Hulda Garborg Nasjonal Strateg*. Det Norske Samlaget, Oslo 2011  
”Teaterslaget” *Aftenposten* 30. September 2013 <http://www.aftenposten.no/amagasinet/Teaterslaget-7325047.html#>. UvZbCqC46Ga